



Radøy kommune v/Planavdelinga

Dykkar ref.

Vår ref.

12/1855-1/ 12/11042/614/RTO

Dato:

Manger: 24.10.2012

## **AUSTEBYGD SKULE - NY PARKERINGSPLASS - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ LNF - OMRÅDE**

For å auka trafikktryggleiken og parkeringsbehovet ved skulen, vert det søkt om dispensasjon frå LNF-området til opparbeiding og tilrettelegging av ny parkeringsplass på gnr. 99/6 og gnr. 99/133.

Slik parkeringstilhøva er i dag, skapar dette store problem med av-og påstigingar i eksisterande avkøyrslomme til Fylkesvegen både av di eksisterande parkeringsplass i seg sjølv er altfor liten og difor må parkera ut i vegbana og på fortau gjer at trafikktryggleiken til tider ikkje er ivareteke. Dette må gjerast noko med.

Det er blitt vurdert fleire alternativ, også innafor skulens eigne grenser. Vår konklusjon at den omsøkte plasseringa vil bli den beste.

Tiltaket medfører terrenginngrep både med skjæring og fylling på gnr 99/6 og 99/103, til saman ca.1,2 mål.

På Gnr. 99/133 er kommunen sjølv eigar. På gnr.99/6 er eigar Hans Nicolai Jensen og han er kjent med og har samtykka til at det vert søkt om omdisponering av arealbruken.

Med helsing

Tore Rikstad  
Kommuneingeniør

Vedlegg: Situasjonkart



# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

| SAKSGANG                                 |          |        |           |
|--|----------|--------|-----------|
| Styre, utval, komite m.m.                | Møtedato | Saksnr | Saksansv. |
| Hovudutval for plan, landbruk og teknisk | 29052013 | 041/13 | KFL       |

|                                  |               |            |
|----------------------------------|---------------|------------|
| Avgjerslemynde: HPLT             | Arkiv: K1-614 | Arkivsaknr |
| Sakshandsamar: Kjersti Flatråker | Objekt:       | 12/1855    |

### AUSTEBYGD SKULE - NY PARKERINGSPLASS - DISPENSASJON I FRÅ AREALFØREMÅL LNF I KOMMUNEPLAN

#### Dokumentliste:

| Nr | T | Dok. dato  | Avsender/Mottakar                               | Tittel  |
|----|---|------------|---|---|
| 1  | U | 24.10.2012 | Radøy kommune v/Planavdelinga                   | Austebygd skule - ny parkeringsplass - Søknad om dispensasjon frå LNF – område                              |
| 2  | N | 06.11.2012 | Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy | Austebygd skule - ny parkeringsplass - oversending av sak for uttale frå landbruk/handsaming etter jordlova |
| 4  | U | 04.12.2012 | Tore Rikstad                                    | Austebygd skule - ny parkeringsplass. Uttale frå landbuk.   |
| 5  | U | 03.04.2013 | Hans Nicolai og Anny Karin Jensen               | Austebygd skule - ny parkeringsplass  |
| 6  | I | 18.04.2013 | Anny Karin Jensen og Hans Nicolai Jensen        | Gnr 99/6 Ystebø - Fråsegn frå heimelshavar  |

#### Vedlegg i saka:

Kopi av søknaden

#### Saksutgreiing:

Radøy kommune ynskjer å etablere ny parkeringsplass ved Austebygd skule.

Det føl av plan- og bygningslova (pbl) § 1-6 at tiltak ikkje må vere i strid med kommuneplanen. I kommuneplanen er omsøkt areal sett til landbruk, natur og friluftsliv (LNF). Føremålet med bygginga


er ikkje i tråd med kommuneplanen, og løyve til tiltaket er avhengig av dispensasjon .  
Dispensasjonssøknaden skal handsamast etter pbl "Kapittel 19. Dispensasjon.

Landbrukskontoret har hatt saka til vurdering. Dei har konkludert følgjande::

*"Med heimel i jordlova §12, og med grunngjeving i omsynet til samfunnsinteresser av stor vekt, rår landbrukskontoret til at naudsynt areal på gnr.99 bnr.6 vert omdisponert til parkeringsplass."*

Naboane er varsla slik lova krev, men det er ikkje komme merknader til omsøkte tiltak.

Saka er ikkje sendt til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for uttale



Lovgrunnlag:

Ved handsaming av dispensasjonssøknaden skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet vert vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og tilgjenge for ålmenta som er vurderingstema.

Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser.

Vurdering:

Omsøkt areal er i kommuneplanen definert som LNF-område, føremål landbruk, natur og friluftsliv, og slik rådmannen vurderer det vert ikkje føremål med lova og kommuneplanen sett tilside om ein gjev løyve til bygging her.

Føremålet med søknaden er å leggje til rette for parkeringsplass til skule. Søknaden om dispensasjon er grunngjeven. Sitat frå søknaden:

*"For å auka trafikktryggleiken og parkeringsbehovet ved skulen, vert det søkt om dispensasjon frå LNF-området til opparbeiding og tilrettelegging av ny parkeringsplass på gnr. 99/6 og gnr.99/133.*

*Slik parkeringstilhøva er i dag, skapar dette store problem med av-og påstigingar i*

*eksisterande avkøyrslomme til Fylkesvegen både av di eksisterande parkeringsplass i seg*


*sjølv er altfor liten og difor må parkera ut i vegbana og på fortau gjer at trafikktryggleiken til*

*tider ikkje er ivareteke. Dette må gjerast noko med.*

*Det er blitt vurdert fleire alternativ, også innafor skulens egne grenser. Vår konklusjon at den omsøkte plasseringa vil bli den beste.*

*Tiltaket medfører terrenginngrep både med skjæring og fylling på gnr 99/6 og 99/103, til saman ca.1,2 mål.*

*På Gnr. 99/133 er kommunen sjølv eigar. På gnr.99/6 er eigar Hans Nicolai Jensen og han er kjent med og har samtykka til at det vert søkt om omdisponering av arealbruken."*



Dei jordbruksfaglege spørsmål er vurdert av landbrukssjefen og det er gjeve løyve til omdisponering etter jordlova.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Kommunen er satt til å forvalte areala og det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Parkeringsplassen er tenkt plassert i eit søkk i landskapet og tiltaket vil ikkje komme i konflikt med landskapsomsyn eller vil endre kulturlandskapet i særleg grad.

Det er ikkje kjente kulturminne i området.

Ved dispensasjonssøknadar skal ein ta omsyn til friluftsliv og tilgjenge for ålmenta. Omsøkt areal er nok ikkje nytta aktivt til friluftsliv og omsøkt tiltak er difor ikkje til hinder. Det går ein sti over området som ikkje må stengast.

Bygging av parkeringsplass vil auke tryggleiken. Dagens parkeringsplass vert og nytta som inn- og utkjørsel samt busshaldeplass.

Omsøkt areal ligg inntil areal som allereie er nytta til veg og bustadhus.

Nasjonale mynde har stramma inn kommunane sine moglegheiter til å gje dispensasjon frå gjeldande planar, men denne søknaden kjem ikkje i konflikt med overordna mynde sine rammer og mål. Det er sett fokus på jordvern og samordning av tiltak.

Slik rådmannen vurderer momenta over er fordelane større enn ulempene i denne saka og vil etter ei samla vurdering rå til at det vert gjeve dispensasjon. Det er omsynet til trafikktryggleik og samfunnsinteresser som veg tyngst her.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Saka er ikkje sendt til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for vurdering. Eit eventuelt positivt vedtak vert sendt regionale mynde for klagevurdering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert gjeve samtykke til bygging av parkeringsplass som omsøkt med følgjande vilkår:

1. inga tiltak må skje før byggjesak har vurdert om det er søknadsplikt
2. sti ned til vatnet må ikkje stengast

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§19-2 jf.1-6, og 1-8 samt naturmangfaldslova §§ 8–12.

### **29.05.2013 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **PLT-041/13 VEDTAK:**

Det vert gjeve samtykke til bygging av parkeringsplass som omsøkt med følgjande vilkår:

1. inga tiltak må skje før byggjesak har vurdert om det er søknadsplikt
2. sti ned til vatnet må ikkje stengast

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§19-2 jf.1-6, og 1-8 samt naturmangfaldslova §§ 8–12.